

Adresseinformasjon blir fylt inn ved ekspedering. Sjå mottakarliste under.

Vår dato: 06.07.2021

Vår ref.: 201914739-9 ekkv/swj

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Stein W. Johansen.

Høyring av revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget i Modalen, Vik, Vaksdal og Høyanger kommunar

NVE sender med dette revisjonsdokumentet for Steinslands-/Modalsvassdraget på offentleg høyring.

NVE har i brev av 19.12.2019 vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

- Kgl. res. av 26.07.1975: Tillatelse til reguleringer m.v. i Steinslandsvassdraget.
- 18.05.1977: Steinslandsvassdraget- Planendring Hallsetvatn/Stølsvatn.
- Kgl. res. av 22.12.1989: Tillatelse til erverv av fallrettigheter og utbygging av Hellandsfoss kraftverk i Steinslandsvassdraget (Modalsvassdraget).
- Kgl. res. av 17.07.1992: Tillatelse til erverv av fallrettigheter og regulering for bygging av Nygård pumpekraftverk og Åsebotn kraftverk i Modalsvassdraget.
- Kgl. res. av 03.12.1993: Åsebotn kraftverk i Modalen. Planendring.
- Kgl. res. av 07.05.2002: Endring av manøvreringsreglement for store Norddalsvatn, Modalen i Hordaland.
- Kgl. res. av 03.09.2004: Planendring for Nygard pumpekraftverk i Modalen og Vaksdal kommuner i Hordaland.

På bakgrunn av krav frå Modalen kommune, samt felles kravdokument frå kommunane Voss, Vaksdal, Vik og Kvam og føringar frå NVE, har BKK utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside www.nve.no/konsesjonssaker. For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Svern Rognås hos BKK tlf. 55127329 eller e-post: svenn.rognas@bkk.no.

Vi ber Modalen, Vik, Vaksdal og Høyanger kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider. Vi ber vidare kommunane om å leggja to papireksemplar av revisjonsdokumentet til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Vik, rådhuset i Høyanger og servicetorget i Modalen og på Voss tinghus fram til **1. november 2021**. Offentlege bibliotek kan og nyttast som stad for utlegging. Det eine eksemplaret av

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

revisjonsdokumentet kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner sendast fortrinnsvis via sakas nettside på www.nve.no/konsesjonssaker. Fråsegner kan alternativt sendast som e-post til nve@nve.no, eller med vanleg post til NVE – Energi og konsesjonsavdelinga, postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fristen for å sende fråsegner er 1. november 2021.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

NVE ønskjer tilbakemelding om man meiner at viktige parter er utelatne frå lista over mottakarar av dette brevet.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Jan Sørensen
sjefingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Informasjonsark om sakshandsaminga.

Kopi:

Olje- og energidepartementet.

Riksantikvaren.

BKK Produksjon AS.

Voss Energi Produksjon AS.



Mottakarliste:

Modalen kommune
Høyanger kommune
Vik kommune
Vaksdal kommune
Voss herad
Kvam herad
Statsforvalteren i Vestland
Miljødirektoratet
Vestland fylkeskommune
Ytre Sogn vassområde v/Christian E. Pettersen
Hardanger vassområde v/Lars Præstiin
Voss-Osterfjorden vassområde v/Sveinung Klyve
Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland
Fiskeridirektoratet Region Vest
Kystverket Vest
Havforskningsinstituttet
Stiftelsen Norges Geotekniske Institutt (NGI)
Statens Vegvesen region vest
Bane NOR
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Norsk Friluftsliv
Bergen og Omland Friluftsråd
WWF Norge AS
Norges Naturvernforbund
Naturvernforbundet i Hordaland
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Bergen og Hordaland Turlag
Sogn og Fjordane Turlag
Voss Utferdslag
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Samarbeidsrådet for Biologisk Mangfold (Sabima)
Forum for natur og Friluftsliv Hordaland
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Norges Padleforbund
Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd
Norges Bondelag
Norske Lakseelver
NHO Reiseliv
BKK Nett AS
Sognekraft Nett AS
Modalen Kraftlag SA
Voss Energi Nett AS
Statnett SF



Eksingedalen Bygderåd
Stiftelsen Voss klekkeri
Voss Kajakklubb
Øvre Eksingedalen Grunneigarlag
Ekso Elveigarlag
Ekso Villfisk AS
Modalen Elveeigarlag
Bulken-Evanger Elveeigarlag
Kyrkjevika Hyttelag v/Lars Torpe